

LEIJEKONTRAKT

Ubygd areal

Utleigar: Hordaland fylkeskommune, org. nr. 938 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

Leigetakar: Anleggsgartner Svein Boasson AS, org.nr. 938 309 183
Kokstadvegen 31 C
5257 Kokstad

Følgjande avtale er inngått mellom partane

1. Leigeobjekt

Avtalen gjeld 4 da av arealet Magnusbakken på Stend vidaregåande skule, gnr. 97 bnr. 1 i Fana (Stend vid. skule). Arealet skal nyttast til lagerplass for stein, betongvarer og andre hjelpemiddel knytta til anleggsgartnerverksemd. Området har vore nytta til same same formål av same leigetakar dei siste 5 åra. Det er merka med gul farge på vedlagte kart.

2. Villkår

Det er leigetakar sitt ansvar å hente inn evt. nødvendige løyve frå styresmaktene til den aktuelle bruken av arealet, jf. pkt 1.

Leigetakar er kjent med at arealet ligg på eit bossdeponi med gassbrønner og infrastruktur i samband med oppsamling av gass.

Leigetakar må ta kostnaden med opparbeiding av tenleg overflate på leigearealet.

Arealet skal framstå på ein ryddig måte.

3. Varigheit

Avtalen gjeld i 5 år frå 01.01.2017 til 31.12.2021 med opsjon på leige fram til 31.12.2025 på reforhandla villkår

4. Pris

Årsleiga er kr 27.000 pr da, og skal betalast forskotsvis med forfall 15. mai kvart år. Årsleiga skal justerast kvart år, første gong i 2018, i samsvar med endringa i SSB sin konsumprisindeks med basis i indeksen november 2016. Årsleiga vert fakturert frå utleigar.

5. Opphøyr

Ved opphøyr av avtalen skal leigetakar syte for at tilført vegggrus og duk/ammeringsmatter vert fjerna, og at arealet framstår som fulldyrka areal att. Evt skadar på grøfter skal utbetrast.

Oppryddingsarbeidet må vere ferdig utført innan utgangen av leigetida.

Leigetakar skal seinast 1 år før opphøyr av avtalen melde ifrå om sine ønskjer for leigearealet

6. Tvist


Eventuelle tvistar som gjeld denne avtalen skal avgjerast ved frivillig voldgift

Denne avtalen er utforma i 2 (to) eksemplar eitt til kvar av partane.

Bergen, den 24/10 2016


Bergen, den 27/10 2016


Hordaland fylkeskommune
EIGEDOMSAVDELINGA


Anleggsgartner Svein Boasson AS

Kaardimääryksen FIRSRUUTIM sone 33N

0 45 m



20